DET NORSKE TEATRET

# KRISTIN LAVRANSDATTER

## III

## KORSET




# Alt det hettvann De ønsker

Thermia



*Skandinavias mest solgte hettvanns-bereder*

*Selges av Deres rørlegger*

VVS PRODUKTER

**OSLO SVEISEBEDRIFT**

Maridalsveien 138, Oslo 4

C15g 016802

# DET NORSKE TEATRET

I SAMARBEID MED RIKSTEATRET

# KRISTIN LAVRANSDATTER
## KORSET

SKODESPEL

etter romanen av

SIGRID UNDSET

Dramatisert og sett i scene av

TORMOD SKAGESTAD

| | |
|---|---|
| dekorasjonar og kostyme | ARNE WALENTIN |
| musikk | FINN LUDT |
| regiassistent | SIRI ROM |

Inspisient: CARL HABEL

SESONGEN 1963/64



Sigrid Undset.

# Litt om dramatiseringa av
# KRISTIN LAVRANSDATTER

Da eg for 9—10 år sidan las om att Kristin Lavransdatter, slo det meg at inne i dette mektige, roleg flytande eposet låg eit drama latent, og dramaturgen i meg tok straks til å tumle med stoffet, før eg hadde nokon målmedveten tanke om å dramatisere romanen. D e n tanken kom, og vart skrinlagd nokså fort: eg fann det vonlaust å prøve å presse det veldige stoffet inn i eit enkelt skodespel. Det ville krevja ei så gjennomgripande omarbeiding at det måtte blitt eit nytt drama, bygd på Sigrid Undsets roman.

Det gjekk nokre år, og eg tok Kransen fram på nytt. Da såg eg at i grunnen var denne første delen eit drama for seg, eit avrunda heile, enda slutten med det dystre bryllaupet var ein slutt med tragisk perspektiv framover. Planen for dramatiseringsarbeidet tok etter kvart form. Det måtte bli ein skodespel-trilogi, med hovudlyset på Kristins og Erlends kjærleiks- og lagnadsdrama, frå dei møttest i Oslo til dei skildest eit kvart sekel seinare i den rystande scenen ved Erlends dødsseng på Jørundgard. Denne dramatiske trilogien måtte få ein prolog i Kristins trygge barndom heime på Jørundgard, tilhøvet til mora Ragnfrid og særleg til faren Lavrans, og til Gud; bakgrunnen for Kristins konfliktfylte samliv med Erlend. Den måtte i siste delen, Korset, få ein epilog i Kristins botsgang til Nidaros og Kristins død.

I «Kransen» vart Kristins og Erlends kamp for å få kvarandre, trass i alle hindringar, det store hovudmotivet. Inn i det vev seg to bimotiv som stiller det i relieff: eit større, tilhøvet mellom Ragnfrid og Lavrans, og eit mindre: Åshild på Haugen og herr Bjørn. Eit anna dramatisk motiv ligg



Regi: Tormod Skagestad.

latent i den sceniske versjonen av Kransen, særleg i scenane med broder Edvin: kampen i Kristins sinn mellom verda og Gud. I Husfrue lar eg dette motivet falde seg ut for fullt. Or det rike mylderet av personar i romanen kjem tre sterkast fram i scenelyset: brørne Gunnulf og Erlend, bundne til kvarandre med så mange slags band, og mellom dei Kristin. Ho slitst mellom dei som ho slitst mellom motsette krefter i sitt eige sinn. Men på slutten av Husfrue vel ho verda framfor Gud. Etterdønningar av same kampen herjar i Gunnulf, han har valt Gud, men det finst så mykje av Erlend i han at kampen har vore lang og hard. Verda-Gud-motivet kjem att i ei avklåra form i scenen mellom Lavrans og Kristin, der han tar farvel med henne, og med livet. Hovudmotivet i Kransen tonar i Husfrue med som eit bittert-ironisk bimotiv: den tragiske episoden mellom Erlends stykdotter Margret og den gifte mannen Håkon på Gimsar råkar Erlend der han er mest sårbar. Og Kristin brukar det mot han, utan nåde, i den store bitre oppgjersscenen etter tretten års samliv, klimaks i det ekteskapsdrama som Husfrue også er. Den allmenmenneskelege brytninga melom mann og kvinne: mannen kvilelaust opptatt av gjeremål utanfor huset, i eit gny av dåd og våpen og høgt spel om makt, kvinna bunden til huset, meir bunden for kvart barn mannen gjev henne, bevande av morslykke, men òg pint av uro og omsorg for flokken som veks opp ikring henne, den konflikten er så klår i Husfrue at Kristin og Erlend, midt i det at dei er menneskeleg levande, står som eviggyldige prototypar på Kvinna og Mannen.

I Husfrue og enda meir i Korset haustar Kristin og Erlend bitre frukter av den sed som vart sådd i Kransen. Skuggar av fortida, av syndefallet som aldri vart skrifta, av opprøret mot faren som vart så blodig krenkt, av det indirekte drapet

Framhald side 19.

# NOREGS MÅLLAG

**vil ha betre vilkår for nynorsk mål.**

Meld deg inn!

Hugs målgåva!

Hjelp oss i arbeidet for språkleg rettferd.

Adr.: Boks 911, Oslo. Postgirokonto: 14 230.




## DEN STØRSTE NYHET SIDEN NYLON ..

Helt nytt
strømpevelvære ..

.. møt våren
med nye

lekre



daniela

STRØMPER

FØRES AV KVALITETSBEVISSTE BRANSJE-
FORRETNINGER OVER HELE LANDET.



Dekorasjonar og kostyme: Arne Walentin.

# Brager



**CORDA** og **HELLE**

er to av sesongens schlagere fra BRAGER. Gode kvaliteter og farger.



*Føres av ledende forretninger*

KVALITET KVALITET



Frå «Husfrue»: Georg Løkkeberg og Rut Tellefsen.

# KRISTIN LAVR

## KORS

Skodespel i 10 bilete etter ror

Dramatisert og sett i scene a

Musikk FIN

Dekorasjonar og kostyn

Regiassistent

Draktene er laga på systova til

Dei som er med :

KRISTIN LAVRANSDOTTER . . . . . . . . . . . .
ERLEND NIKOLAUSSON . . . . . . . . . . . .
SIMON DARRE . . . . . . . . . . . .
RAMBORG LAVRANSDOTTER . . . . . . . . . . . .
ULV HALDORSSON . . . . . . . . . . . .
NIKOLAUS (NÅKKVE) . . . . . . . . . . . .
BJØRGULV . . . . . . . . . . . .
GAUTE . . . . . . . . . . . .
SKULE, SOM VAKSEN . . . . . . . . . . . .
SKULE, SOM GUT . . . . . . . . . . . .





Nye impulser hver

ALT for damenes v

Det er i nye ALT for da
og lekkert» — den flott
2 fargestrålende samlekor

★ Inspirerende motestoff ★
★ Artikler og reportasje ★

# ANSDATTER

## SET

nanen av SIGRID UNDSET
v TORMOD SKAGESTAD
N LUDT
e ARNE WALENTIN
SIRI ROM
DNT av RANDI SKAHJEM

| | |
|---|---|
| ......................... | Rut Tellefsen |
| ......................... | Georg Løkkeberg |
| ......................... | Pål Skjønberg |
| ......................... | Bjørg Vatle |
| ......................... | Øyvind Øyen |
| ......................... | Atle Merton |
| ......................... | Harald Røed |
| ......................... | Lars Vangberg |
| ......................... | Jan Erik Sætherø |
| ......................... | |

---


uke gjennom nye
arierte damestoff.

mene De finner «Lett
e oppskriftserien med
t hver uke.

Strikke- og håndarbeider
Noveller og romaner



| | |
|---|---|
| IVAR<br>LAVRANS<br>MUNAN | Sønene til Kristin og Erlend |
| ARNGJERD | Bess Falk |
| JARTRUD HERBRANDSDOTTER | Elsa Isefiær |
| BISKOP HALVARD | Bjarne Andersen |
| SIGURD SUNDBU | |
| SIRA SOLMUND | Einar Wenes |
| KOLBEIN JONSSON | Amund Rydland |
| OLAV TRONDSSON | Kåre Wicklund |
| GUNNULF NIKOLAUSSON | Rolf Sand/Alf Malland |
| ARNTOR | Carl Habel |

GITARSPEL Bjørn Fongaard (lydband)

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

**ANDVAKE**





Erlend og Kristin i «Korset».

# XPELAIR viften

FRA **WOODS**





## DEN SUVERENE VIFTE

*for kjøkken, kontorer og oppholdsrom*

Monteres i vindu eller vegg

**ENEIMPORTØR:**

**WOODS OF COLCHESTER SCANDINAVIA A/S**

**Sandakerveien 50b - Oslo**



«Korset.» Bjørg Vatle og Pål Skjønberg.



Frå «Husfrue»: Johan Norlund og Rut Tellefsen.

Framhald frå side 7.

på Eline Ormsdotter, alt det heng som trugande damoklessverd over Kristins og Erlends samliv på Husaby. Men lyset frå sommarnatthagen på Hovin i Oslo sprengjer iblant alt mørker. Og da Erlend blir førd bort frå Husaby som ein fattig fanga mann, men ein rakrygga mann — i nederlaget viser han sine edlaste kvalitetar — da er det d e t lyset som får Kristin til å gløyme alt anna: husfruplikter, born, Gud; ho har berre e i n tanke: at ho elskar Erlend og at han elskar henne, og at ho vil berge livet hans, kva det så måtte koste. Skodespelet Husfrue endar her, i ein slags tragisk jubel. Og så i neste omgang møtest dei to att, på Jørundgard, der så mange ting minner, og alt konfliktstoffet flytter dei med seg dit, og kampen tar ikkje slutt før Erlend ligg død.

Det er denne siste fasen i lagnadsdramaet om Kristin Lavransdotter og Erlend Nikolausson første delen av «Korset» handlar om. I siste del slår det religiøse grunntemaet igjennom for alvor, og det tonar avklåra ut i Sira Eilifs og Ulv Haldorssons ord ved Kristins dødsseng. I dødsstunda fell alt jordisk av Kristin som ein utbrukt hám. For siste gong skal ho velja mellom Erlend og Gud, — ho gjev frå seg brureringen til messe for den døde Steinunn, og relikviekrossen etter faren er det einaste ho har att. Det siste ho høyrer er Sira Eilifs ord: «Gud har halde deg fast i ei pakt. Ei Guds tenestkone har du vore, Kristin, trass i alle dine synder.»

Med all si realistisk-psykologiske menneskeskildring tonar Kristin Lavransdotter ut som mysteriespel.



*Eit av dei vakraste merke me hev,*
*det løner med signing det ærlege strev,*
*Munner det mettar, tryggleik det gjev.*

KORNBANDET

**BØNDERNES BANK A/S**

**Hovedkontor — Oslo.**

Avdelingskontor: Skien — Stavanger — Trondheim — Vikedal i Ryfylke.

*Likar De å følgje med?*

**Få syn for segn les**

SYN OG SEGN

*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1.
Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

det norske samlaget



Ulv Haldorsson: Øyvind Øyen, Kristin Lavransdotter: Rut Tellefsen.

FAGLEG
NYTT

Frå alle greiner av landbruket får De gjennom tidsskriftet

„NORSK LANDBRUK"

*Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!*

ENSTEMMIG DOM OM

Nylon VASK

Den er fantastisk god til all slags vask!

**«Det skitne forsvant av seg selv»**, skrev en husmor.
Og det er sant. Ingen bløtlegging, ingen gnidning er nødvendig. — **NYLON-VASK trekker** smutset ut. Derfor er den **skånsom** — både mot tøy og hender.
De behøver ikke være redd hverken for Deres sarte gardiner, Deres fine nylon, silke, ulltøy.

Husk at **NYLON-VASK** selges kun **på tuber!** En tube i bagasjen løser Deres vaskeproblemer — når De er på reise, på fjellet, på biltur. Skummer like godt også i hardt vann og i sjøvann. God til finvask, til oppvask, til vindusvask, til vindusvask, til håndvask, til all slags vask.

Noter det på huskelappen:
En tube **NYLON-VASK.**

Fabr.: **ALKEMIKO.**
Oslo.



Kristin med den eldste av sønene, Nikolaus (Nåkkve) — Joachim Calmeyer.

# Har De LEST Sigrid Undset

De som har sett Det Norske Teaters oppførelse av Kristin Lavransdatter, vil sikkert også gjerne lese denne verdensberømte romanen som brakte Sigrid Undset Nobelprisen.

Sigrid Undsets middelalderromaner sendes nå ut i ny subskripsjon i 10 vakre bind med blå skinnrygg. Kr. 29,50 pr. bind.

Samtidig sendes også ut en ny utgave av nutidsromanene i 10 vakre bind med rød skinnrygg. Kr. 29,50 pr. bind.

ASCHEHOUG

# I år leser vi SIGRID UNDSET

**Repress Reklamebyrå, Oslo** **Johansen & Nielsen, Oslo**